

EINEBUSTAD OG FRITIDSBUSTAD (PBL § 20-1)

Søknad om oppføring av bygning må innsendast av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkar. Søkar har ansvaret for at søknaden er komplett.

Søknad skal sendast til:

Hornindal kommune
Postboks 24
6761 Hornindal

**ByggSøk**

Det vert tilrådd at ein nyttar nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får informasjon om utfylling undervegs. Ved å nytte ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Det kan veljast ulike søknadsformer:

Eit-trinns søknad: **Komplett** søknad sendes kommunen. Naboar skal være varsla, evt. merknadar frå naboar skal kommenterast og blir vedlagt søknaden. Alle ansvarlige føretak (prosjekterande, utførande og kontrollerande) må være valt. Det må finnast godkjenning frå alle andre styresmakter før løyve kan gjevast. Detaljprosjekteringa må være utført og kontrollert.

To-trinns søknad: Det blir først søkt om **rammeløyve**. Bygget sin arkitektoniske form og overordna tekniske rammevilkår må visast/dokumenterast. Dersom løyve er på vilkår av samtykke frå nabo og/eller vegrett, må dette vere avklart og dokumentert. Naboar skal vere varsla. Evt merknader frå naboar skal kommenterast og vere vedlagt søknaden. Det blir søkt om igangsettingsløyve når bygget er prosjektert og utførande er valt. Det kan gjevast trinnvis igangsettingsløyve når delprosjektering er ferdig.

Ved behov kan søkar eller tiltakshavar oppmode om førehandskonferanse.

Komplett søknad i 1 eksemplar etter pbl § 20-1 skal innehalde (jf. SAK10 § 5-4):

Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søker	NBR nr. 5174* og evt. 5151*, 5159* og 5160*
Opplysningar om tiltakets indre og ytre rammer	NBR nr. 5175*
Bustadspesifikasjon i matrikkelen	NBR nr. 5176*
Kopi av nabovarsel. Naboar og gjenbuar skal verte varsla Søknaden kan ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er utgått.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til	
Situasjonsplan/utanomhusplan. Kartet må være av ny dato og tingast hjå kommunen.	
Teikningar. Planar, snitt, fasadar i målestokk, f. eks. M 1: 100, og dokumentasjon av estetisk tilpassing)	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområder inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr. 5185*
Søknad om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og evt. kontrollerande	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*
Uttale eller avgjerd frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon* Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det stilt krav til at søknaden er grunnitt jf. pbl § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo.	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning



Norsk Kommunalteknisk Forening, NKF byggesak, Postboks 1905 Vika, 0124 Oslo
Tlf: 22 04 81 40 ó E-post: nkf@kommunalteknikk.no ó Internett: www.kommunalteknikk.no

EINEBUSTAD OG FRITIDSBUSTAD (PBL § 20-1)**Søknad om enkle tiltak skal innehalde:****Eit-trinns søknad skal innehalde:****Søknad om rammeløyve skal innehalde:****Søknad om igangsettingsløyve skal innehalde:**

□ □ □ □

	Søknadsskjema NBR 5174 utfylt nøyaktig og underteikna av både tiltakshavar og søkar.
	Opplysningar om tiltakets ytre rammer NBR 5175. Det må visast korleis tiltaket oppfyller vilkåra om arealdisponering, bruk, grunnforhold, rasfare og miljøforhold, tilknytning til offentleg veg- og leidningsnett.
	Bustadspesifikasjon i matrikkelen. Det er enno kommunane som har ansvaret for registrering i matrikkelen, men ansvarleg søkjar oppmoda om å fylle ut blanketten for å bidra til ein meir effektiv sakshandsaming i kommunen og totalt sett i den enkelte sak.
	Kopi av nabovarsel. Det skal koma fram av nabovarselet dersom det blir søkt dispensasjon. Det må også koma fram av nabovarselet at evt. merknadar frå naboar eller gjenbuar skal sendast ansvarleg søker (gjerne med kopi til kommunen) innan to veker etter at nabovarselet er sendt. SAK10 § 5-2 definerer innhald elles i nabovarselet. Evt. nabomerknader vert vedlagt søknaden, og det må gjerast greie for korleis desse evt. er ivareteke/handsama.
	Situasjonsplan i målestokk 1:500 med bygning vist i målestokk. Kartgrunnlag vert tinga hjå kommunen. Det må visast tilknytning til offentleg vatn- og avlaupsnett, og korleis tilkomst, parkering, garasje og uteareal skal løysast. Garasjeplassering må visast sjølv om garasjen ikkje vert bygd samstundes med bustaden. Det må også visast minsteavstandar til naboeigedom og vegmidte, samt skjering, fylling og evt. forstøtningsmurar.
	Teikningar skal være i målestokk 1:100 (evt. 1:200) og fagmessig utført. Høgda til bygget (topp grunnmur) og forhold til eksisterande og framtidig terreng skal visast. Arkitektonisk utforming, tilhøve til nabobebyggelse og landskap skal i naudsynt grad visast på plan, snitt, fasadar, perspektivteikning, fotomontasje eller fasadeoppriss med nabobygningar og terrengopparbeiding (terrenglinjer) innteikna.
	Gjennomføringsplan som inneheld oversyn over ansvarsområder inndelt i godkjenningsområder og etter tiltaksklassar, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene, jf. SAK 10 § 5-3.
	Søknad om ansvarsrett for prosjekterande (PRO) og evt. kontrollerande for prosjekteringa (KPR) med relevant dokumentasjon for tilhøve som vert avklart i rammeløyve.
	Dokumentasjon (skildring/teikningar av tiltaket) som tek i vare krav i rammeløyve. Eventuell supplerande dokumentasjon i samsvar med krav i rammeløyve.
	Søknad om ansvarsrett for prosjekterande føretak i den grad det ikkje er dokumentert ved rammesøknad, samt utførande (UTF) og evt. kontrollerande for utføring (KUT) med relevant dokumentasjon.
	Uttale eller avgjersle frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)
	Evt. søknad om dispensasjon Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det stilt krav til at søknaden er grunnitt jf. pbl § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo.

Deler av dokumentasjonen angjeve i SAK § 5-4 kan utelatast dersom dette finnes forsvarleg. Det må koma fram av søknaden kvifor dokumentasjonen er utelatt.

Når kan arbeidet ta til?

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar eller gjenbuarar.
- Det er ikkje naudsynt med ytterligare løyve, samtykke eller uttale frå andre styresmakter.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga sakshandsamingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er ivareteke, kan arbeida ikkje settast i gang før det ligg føre skriftlig løyve frå kommunen. Ein tilrår at ein tek kontakt med kommunen før arbeidet vert starta.

Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve bruksløyve eller ferdigattest.

